

HORDALAND FYLKESKOMMUNE
Postboks 7900
5020 BERGEN

Hordaland fylkeskommune

11 MAI 2018

Behandlende enhet:
Region vest

Saksbehandler/telefon:
Gunnar Söderholm / 57655789

Vår referanse:
15/250620-52

Deres referanse:

Vår dato:
23.04.2018

Varsling om oppstart av statleg reguleringsplan. Vossebanen og E16 Arna-Stanghelle

Det vert med dette varsla om at det vert sett i gang arbeid med statleg reguleringsplan med konsekvensutgreiing etter Plan- og bygningslova (PBL) §§ 4-1 og 12-8 innanfor Bergen kommune, Vaksdal kommune og Osterøy kommune.

Forslag til planavgrensning, planprogram og silingsrapport vert lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 27. april til 6. juli 2018 på fylgjande stader:

- Bergen kommune, Innbyggjerservice Kaigaten 4.
- Vaksdal kommune, bibliotekfilial på Vaksdal og Coop butikken på Stanghelle.
- Osterøy kommune, Osterøy rådhus.
- Statens vegvesen Region vest, resepsjonen Nygårdsgaten 112.

Informasjonsmøter

I samband med oppstart av planarbeid, inviterer Statens vegvesen og BaneNOR til informasjonsmøte på fylgjande stader og tider:

- Arna i Ljoshall, 14. mai kl 19.00
- Trengereid forsamlingslokale, 15. mai kl 19.00
- Vaksdal senter, samfunnssal, 23. mai kl 19.00
- Stanghelle skule, 24. mai kl 19.00

Meir informasjon om planarbeidet kan du få her: www.vegvesen.no/e16banearnastanghelle

Tek i mot innspel

Grunneigarar og berørte partar vert invitert til å koma med synspunkt og innspel til planprogrammet og planarbeidet. Frist for å koma med merknader til oppstart og planprogram er sett til 6. juli 2018. Merknader og innspel kan sendast skriftleg til Statens vegvesen Region vest, Askedalen 4, 6863 Leikanger eller på e-post til; firmapost-vest@vegvesen.no. Alle merknader og innspel vil fylgje saka vidare og vere ein del av grunnlaget for utarbeiding av reguleringsplanforslaget. Det vert også høve til å gje innspel seinare i planprosessen, når eit konkret forslag til reguleringsplan vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Alle vert ikkje berørt

Kart som viser grense for planområde ved oppstart er lagt ved dette brevet.

Planområdet er stort i oppstartsfasen, men vil venteleg verta vesentleg innsnevra seinare i planarbeidet. Planområdet omfattar difor i utgangspunktet svært mange grunneigarar og berørte paratar, men dei aller fleste vil ikkje direkte verta påverka av veg- og banetiltaket.

Mogeleg byggestart i 2022

Sidan dette er ein statleg plan er det Kommunal- og moderniseringsdepartementet som er planmynde og skal vedta planen. Kommunane er høyringspartar. Det vert arbeidd ut frå ein framdriftsplan med tanke på vedtak av reguleringsplan hausten 2020. Planen skal så gjennom ei ekstern kvalitetssikring (KS2) og detaljprosjektering, slik at mogeleg oppstart anleggsarbeid er 2022 med E16 Arna- Trengereid som det mest aktuelle første byggetrinn.

Eit fellesprosjekt

I brev frå Samferdselsdepartementet 08.12.2015 er det avgjort å gå vidare med K5 konseptet frå konseptvalutgreiinga for ny Vossebanen og E16 mellom Arna og Voss. I same brev er det og bestilling på igangsetting av statleg reguleringsplan på strekninga Arna-Stanghelle.

Planarbeidet er eit fellesprosjekt mellom Statens vegvesen og BaneNOR. Statens vegvesen har hovudansvar for planlegginga. Planen utløyser konsekvensutgreiing og krav om planprogram, jfr PBL §§ 4-1 og 4-2.

I forkant er det utarbeidd ein silingsrapport der alle undersøkte alternativ er presentert. Silingsrapporten gjev ei tilråding på kva alternativ for veg og bane det skal lagast reguleringsplan for.

Tilrådd alternativ for jernbane går frå Arna stasjon, i tunnel derifrå direkte til ny stasjon ved dagens senter i Vaksdal. Vidare går jernbanen i tunnel frå Vaksdal til ny stasjon sentralt plassert på Stanghelle og koplar seg på dagens jernbane.

Tilrådd alternativ for E16 er fire felt i to tunnelar frå Arna ved ASKO til Trengereid. På Trengereid vert det nytt kryss der dagens rundkøyring med fylkesveg 7 ligg. Vidare går E16 i ein tunnel med to vegs trafikk til Vaksdal. Der vert det ei kort dagsone som ligg sentralt i Vaksdal og kryss med ramper i fjell. I Vaksdal skal det og utgreiast eit alternativ der vegen går i dagsone i Tolåsen. Frå Vaksdal går ny E16 i tunnel til Helle der den koplar seg til dagens veg.

Bruk av steinmassar

Dei lange tunnelane vil gje store mengder med overskotsmassar og ein viktig del av planarbeidet er korleis desse skal nyttast på ein samfunnsnyttig måte eller eventuelt må deponerast.

Spørsmål om planarbeidet kan rettast til:

Statens vegvesen v/ Gunnar Söderholm tlf 95 25 97 09,
e-post: gunnar.soderholm@vegvesen.no


BaneNOR v/ Kjell Roar Nordvik tlf 98 21 00 03,
e-post: kjell.roar.nordvik@banenor.no

Prosjektavdelinga

Med helsing



Kjartan Høy
Prosjektsjef




Söderholm Gunnar
Prosjektleder

Kopi til:
Vegdirektoratet

Vedlegg: Kart over planområde med varslingsgrense

Vossebanen og E16

BANE NOR



Kart planområde